



Nr 2 – 2026

Møta nye venner – Søkja Gud – Få del i oppdraget

# møte-plassen



## GOD SOMMAR!

Utegudsteneste for  
store og små  
s. 4-5

Tale av sokneprest  
Nadine  
s. 8-10

Kyrkjelydsweekend  
på Vaulali  
s. 12

# Tankar i tida

## Frans av Assisis bønn

Herre gjør meg til redskap for din fred!  
La meg bringe kjærlighet der hatet rår.  
La meg bringe forlatelse der urett er begått.  
La meg skape enighet der uenighet rår.  
La meg bringe tro der tviler rår.  
La meg bringe sannhet der villfarelse rår.  
La meg bringe lys der mørket ruger.  
La meg bringe glede der sorg og tyngsel rår!

Å Mester!

La meg ikke søke så meget å bli trøstet som å trøste.  
Ikke så meget å bli forstått som å forstå.  
Ikke så meget å bli elsket som å elske!  
For det er gjennom å gi at man får.  
Det er ved å glemme seg selv at man finner seg selv.  
Det er ved å tilgi andre at man selv får tilgivelse!  
Det er ved å dø at man oppstår til det evige liv!

Amen



møte-plassen

2 - 2026

21. årgang

UTGJEVAR:

Undheim sokneråd

REDAKSJONEN:

Siv H. Undheim - redaktør

Håkon Rettedal Losvik

Laila Undheim

Hanne Brit Sandsmark

ADRESSE:

Møteplassen

Time kyrkjekontor

Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:

nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:

[www.undheimkyrkja.no](http://www.undheimkyrkja.no)

[www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no)

TRYKK:

Jærprint, Bryne

OPPLAG: 620 eks.

UNDHEIM SOKNERÅD:

Kontonr. 3290.57.20723

Givarkonto: 3325.21.55657

FORSIDE:

Foto: Pixabay

# Min song

## Han tek ikkje glansen av livet

*Tekst: Trygve Bjerkreim. Melodi: Ukjent*

Han tek ikkje glansen av livet,  
den Frelsar som kallar på deg.  
Fyrst då kan for alvor du leva  
når han får deg fylgja på veg

Du høyrer dei dårande røyster  
som lovar deg gullglim og glans,  
men ingen legg lys over vegen  
som Jesus og kjærleiken hans.

Han hjelper i brattaste bakkar  
og stør deg når vegen vert smal.  
Han signar dei sollyse sletter  
og lyser i dødsskuggens dal.

Han fører deg frelst over fjorden,  
heilt fram til den himmelske strand.  
Når døden sin brotsjø du møter,  
vil Jesus dra båten i land.

Han tek ikkje glansen av livet,  
han gyller din morgon og kveld  
og opnar ei dør til dei salar der  
æveleg høgtid du held.



Det var rektor på barneskulen  
som skreiv refrenget til denne  
songen i minneboka mi. Eg tykte  
det var eit alvorleg vers å skrive i  
minneboka, men eg blei meir og  
meir glad i det og etterkvart  
gjorde eg orda til mine. Takk til  
Einar Russøy som hadde fokus på  
det som er viktigast i livet.

Sonja Karin M. Øglend



# Utegudsteneste for store og små

*Tekst og bilete: Siv H. Undheim*

Andre pinsedag var det klart for utegudsteneste på plenen bak kyrkja. Det blei ein flott dag! Mange hadde teke med seg stolar og bord og blei med på gudsteneste. Sundagsskulelærer Jakob hadde teke med seg flanellografen ut i sola, og me fekk høyre om kvifor me feirar pinse, og om læresveinane som fekk den heilage ande.

Etter gudstenesta var det grilling, hoppeslott og aktivitetar. Det blei servert både kaffi, kringle og

is, til glede for både store og små.

- Dette var gildt! Veldig kjekt å kunne samlast på denne måten, var det fleire som sa.

Det var god stemning og eit kjekt arrangement. Takk til alle som møtte opp!





Mange tok turen til kyrkja sundags føremiddag på 2. pinsedag.

Både store og små kosa seg med kaffi og is.



## Nytt frå sokneråd og dagleg leiar

*Tekst: Håkon Rettedal Losvik*

Det nærmar seg sommarferie! Det er nok fleire enn meg som har feireplanlegging gåande som bakgrunnsstøy i hovudet på denne tida.

Som vanleg når det nærmar seg slutten av eit semester er me og godt i gong med planlegging av det neste. Dei fleste datoane er på plass, og er å finne i denne utgåva av Møteplassen, på sida om Kva skjer i kyrkja. Det vert til dømes jubileumsfeiring i fleire omgangar.

Me er og godt i gang med å fordele ansvar for kyrjekaffi, vertskap, blomar og lyd/skjerm på gudstenestene. Om du har lyst til å vere med dei kjekke folka som skapar gode rammer rundt gudstenesta kan du melde meg på e-post: [h1366@kirken.no](mailto:h1366@kirken.no)

Soknerådet arbeider vidare med Naturlig

Menighetsutvikling, og har hatt to møter i juni. Ommund Rolfsen slepp no rattet, og me styrer heilt sjølv framover. Me vil først og fremst arbeide med Behovsprøvd Evangelisering. Meir om dette i andre kanalar framover.

Ein gladnyheit er at me samlast til weekend på Vaulali leirstad 25.-27. september. Me set saman eit program som skal kunne gje noko til både vaksne og born. Det hadde vore kjekt om alle generasjonar samlast. Ei passe blanding av åndeleg påfyll, godt lag, god drøs, god mat og om me er heldige, godt ver. Sjå annonse i bladet og på infoskjermen. Det kjem og nokre påminningar rett før og etter ferien.

Påmeldingsfrist 10. september.

God sommar!

**Helsing Håkon**  
**Dagleg leiar og kyrkjelydsutviklar**



# Konfirmasjon



Årets konfirmantar. Bak frå ve.: Sivert Tjåland Liverud, Marcus Undheim, Alfred Berge.

Midten frå ve.: Kateket Ingrid Time Nærland, Kristian Risa Vaka, Martin Sikveland Søyland, Imre Tjelta Tunheim, Isak Bøe Reinertsen, Sondre Skårland, Mathias Hafver, sokneprest Nadine Vaagen.

Framme frå ve.: Sara Risa, Synne Haugen, Lillian Mossige, Rudi Aardal, Sarah Mæle-Kommedal, Live Årdal Helland.

Foto: Studio Hjelm

## KONFIRMAN\*

### Nå er det 2012-kullet sin tur!

Velkommen til konfirmasjonstid i Bryne, Time og Undheim kyrkjer. Dei framtidige konfirmantane har mykje å glede seg til. Påmeldinga har allereie starta.

I konfirmasjonstida får unge lære mykje spennande om seg sjølv, om tru, om Gud og den verda dei er ein del av. Dei kan også glede seg til å bli ein del av et fellesskap. Høgdepunktet for konfirmasjonstida er konfirmasjonsdagen – ein skikkelig festdag.

Konfirmasjonsdatoar i 2027: Bryne kyrkje: 24.04, 25.04, 08.05.  
Time kyrkje: 06.05. Undheim kyrkje: 02.05.

Påmelding: Gå inn på [www.timekyrkjene.no](http://www.timekyrkjene.no) og fyll ut skjema under fana "Konfirmant 2027". Påmeldinga opnar 18.05 kl 12.00, påmeldingsfrist er 23.06.

Finn mer informasjon på  
[www.timekyrkjene.no](http://www.timekyrkjene.no)  
[www.kirken.no/konfirmasjon](http://www.kirken.no/konfirmasjon)

 **DEN NORSKE KYRKJA**  
Bryne, Time og Undheim kyrkjelydar



## Leige kyrkjekjellaren til konfirmasjonsfest?

De frå Undheim sokn som ynskjer å leiga kyrkjekjellaren til konfirmasjonsfest **2.mai 2027**, kan søkja kyrkjestyret ved Kåre Sigurd Undheim tlf.: 95782780 / epost: [kare.s.undheim@gmail.com](mailto:kare.s.undheim@gmail.com) **innan 01. juli** i år. Me vil føreta trekning av innkomne søknader innan 1 veke.

Kyrkjestyret.

Velkomen til  
**BURSDAGSFEST**

for kyrkja som fyller  
**25 år i år!**

Det blir gratis mat, aktivitetar,  
kaffi, kake, is, hoppeslott og Kahoot.

Kom og bli med, store og små,  
unge og gamle!

Ta med stol og bord, me blir ute.



**Søndag 30. august kl. 12:30**



# En mening med alt... Eller?

Vi trykker en tale soknepresten vår Nadine Vaagen holdt på en gudstjeneste tidligere i vår. Den er en del av taleserien «Øvelser langs veien».



*Tekst: Nadine Vaagen*

I møte med vanskelige ting her i livet, blir vi formet. Fram til nå i «Øvelser langs veien» har vi snakket om alle de tingene vi kan ta ansvar for selv, som bønn, bibellesning og om å se nærmere på våre vaner og vår tidsbruk. Og sist snakket vi om hvile. Dette er øvelser som vi kan velge å ta i bruk, og valgene får formende konsekvenser.

Øvelsen vi skal se nærmere på i dag, er ikke noe vi bestemmer oss for, noe vi trener oss opp i. Det er en øvelse vi plutselig befinner oss i uten at vi har valgt det, uten at vi har bestemt oss for det. I dag handler det om motstand og motgang vi møter i livet og som setter sine spor, som former oss - på godt og vondt.

Det handler om de veiene i livet som vi blir ført inn på som vi egentlig ikke ønsker å gå. Men som alle må innom. De krevende veiene.

Å oppleve kriser og motgang er ikke noe vi oppsøker, men er en øvelse som de fleste av oss har vært gjennom eller som vi skal gjennom, og som former oss. Jesus sier: *«Sannelig, sannelig, jeg sier deg: Da du var ung, bandt du beltet om deg og gikk dit du selv ville. Men når du blir gammel, skal du strekke ut hendene dine, og en annen skal binde beltet om deg og føre deg dit du ikke vil.»* (Joh. 21,18)

Dette er dagens øvelse. Å gå en vei du ikke vil gå.

## **Det er en mening med alt! ... Eller?!**

«Livet skjer», sier vi. Det er en forkortelse av et John Lennon-sitat som lyder slik: «Livet er det som skjer, mens du planlegger noe annet.» Vi kan si «livet skjer» når uforutsette hendelser rammer oss og torpederer våre planer, forestillinger og drømmer om livet og hverdagen.

Små og store kriser. Som snur livet og hverdagen på hodet. Ofte får vi da høre: «Det er en mening med alt.» Ord som er godt ment, som skal trøste, men som ofte oppleves som et slag i ansiktet.

En mening med alt... Eller?

Vi har alle, går jeg ut ifra, erfart det på den ene eller andre måten. Ofte på smertelig vis. Kanskje et dødsfall som gjorde så vondt. Et tap som stakk så dypt. Eller en relasjon som var god, men som er blitt krevende. En ektefelle som gikk. Foreldre, søsken eller egne barn, kollega eller venner som en ikke lenger har kontakt med. Eller en sykdom som en bærer med seg. En sykdom som skaper så mange utfordringer. Ja, kanskje en du faktisk vet at du kommer til å dø av?

Livet skjer. En mening med alt... Eller?

## **Peters krevende vei**

I Bibelen, i Joh, 21,1-19, viser Jesus seg for disiplene ved Tiberiassjøen. Peter var en av de tolv som fulgte Jesus. Kanskje den mest framtrædende disippelen, den som gjorde mest ut av seg, på godt og vondt. I teksten leser vi at Peter velger å stole på Jesus, dra ut midt på dagen for å dra i land tidenes fiskefangst, mot alle odds. Og han svarer på denne fangsten med en utrolig selverkjenneelse: *«Gå fra meg, Herre, for jeg er en syndig mann.»* Da står han med en båt full av fisk, med garn som er revna og i stedet for å takke pent, sier han disse ordene: *«Gå fra meg, Herre, for jeg er en syndig mann.»*

Hvor kom det fra? Heller ovenfra enn fra ham selv.

Peter formes slik de andre disiplene formes.

Slik vi også inviteres til å la oss forme. Mer og mer ved å være med Jesus, gjøre som ham, og på denne måten, bli lik ham.

Peter får oppleve hvordan Jesus underviser, se hvordan Jesus møter folk, se hvordan han helbreder, hvordan han stilner stormen. Jesus tar Peter og de andre inn i en rytme av hvile og arbeid, av å trekke seg tilbake og å være tilgjengelig for folk. De feirer sabbat i lag. Uke etter uke. Og det former Peter. Etter hvert får han være med å gjennomføre under, dele ut to fisk og fem brød som blir nok mat til flere tusen. Jesus sender dem ut to og to for å fortelle om Jesus og Guds rike og for å helbrede syke. De får gjøre som ham. Ja, Peter får til og med gå på vannet slik Jesus gjorde. Det gikk så som så. Men slik formes og slipes han mer og mer til den grunnsteinen, til den klippen han skal være og som Jesus vil bygge sin kirke på.

Så opplever Peter det vi alle opplever: nemlig å bli ført inn på en vei som vi egentlig ikke ønsker å gå inn på. Men som vi alle må innom. Den krevende veien. Livet som skjer. Planer går i vasken. Og dette med tro og etterfølgelse blir vanskelig for Peter. Troen på Jesus viser seg å ikke være et sånt frikort for å slippe all lidelse i verden. Heller tvert imot. Troen blir en kilde til at livet blir vanskeligere for Peter.

I påsken får vi høre om hans store livs- og troskrise. Alle drømmene hans, om hvordan denne festreisen med Jesus skulle fortsette, går i knas. Peter svikter. Og så svikter Jesus. Sånn må det ha sett ut for Peter når Jesus tilsynelatende bare gir opp. Troen funker ikke lenger. Peter klarer ikke å kjenne Jesus igjen i det som skjer. Er dette kongen som skal erobre hele verden? Han som henger på korset? Peter opplever å miste den viktigste personen i livet.

Det må ha vært tunge dager etter Jesu død. Dager med selvklandring: «Hvorfor nektet jeg for å kjenne Jesus?» Dager med uvisshet: «Hva gjør jeg nå?» Dager med spørsmål, uten svar: «Hvor er du, Gud?»



En mening med alt... Eller?

### **Livet ble sånn**

Så kjenner jeg ikke din situasjon i livet akkurat

nå. For noen er livet helt greit. Og det skal vi være takknemlige for. Og så er det kanskje noen som kjenner seg igjen i noe av Peter og hans nedtur. Kanskje du har vært et lignende sted, eller du står midt opp i det, eller er på vei ut av det. Drømmer som har gått i knas. Eller du har mistet en av dine nærmeste. Kanskje troen ikke funker lenger. Selvklandring, sorg, fortvilelse eller uvisshet.

Det er ikke et bevisste valg, men livet som har ført deg dit. Ikke et valg du har tatt selv, livet ble bare sånn.

Jeg tviler på at Peter opplevde noe særlig mening med det som skjedde i påsken. Ikke der og da. Jo, Jesu død fikk jo en mening i ettertid. Det Jesus skulle gjennom, det var noe han måtte gjennom. Han gikk igjennom det for Peters del, for min del og for din del. Men Peters eget svik? Var denne nedturen nødvendig? Kunne han ikke lært det han lærte i denne situasjonen på annet vis? Om han lærte noe nytt i det hele tatt.

En mening med alt? Jeg tror ikke det. Jeg tror ikke det er en mening med at uskyldige lider under en krig som maktbesatte statsledere fører. Jeg tror ikke det er en mening når noen i 30-40-årene får en uhelbredelig kreftdiagnose. Jeg tror ikke det er en mening når en baby dør i mors mage eller en ungdom i en bilulykke.

En mening med alt? Nei. Men Gud i alt.

Når han står på gårdsplassen og nekter for å kjenne Jesus, så er Jesus der. Lukas forteller det slik i kap 22, 59-62: *Men en times tid senere var det enda en som slo fast: «Jo visst var denne mannen også med ham! Han er jo galileer.» Men Peter svarte: «Menneske, jeg skjønner ikke hva du snakker om!» I det samme, før han hadde talt ut, gol hanen. Og Herren snudde seg og så på Peter. Da husket Peter det Herren hadde sagt til ham: «Før hanen galer i natt, skal du fornekte meg tre ganger.» Og han gikk ut og gråt bittert.*

Jesus ser Peter i hans mørkeste time. Jeg tror ikke det var et sånt overlegent blikk: «Ja, var det ikke det jeg sa!?» Nei, det var nok heller omsorg og medfølelse i Jesu blikk. Forandrer


dette blikket alt? Nei. Situasjonen er fremdeles den samme. Peter har svikta. Og han er så inderlig lei seg for det. «Han gikk ut og gråt bittert», står det. Men å bli sett gjør likevel en forskjell, selv om situasjonen forblir den samme. Da kjenner jeg at jeg ikke er alene i dette. Noen står sammen med meg. Det kan bety en stor forskjell.

Kanskje det var Jesu blikk som bevarte Peter fra å gjøre det samme som Judas, og ta livet sitt. Det vet vi ikke. Men å oppleve Guds nærvær når det røyner på, er nåde. Det er ikke alltid vi opplever det, når livet skjer og vi befinner oss på en krevende vei. Det er ikke alltid vi da får øye på Gud og kjenner på hans nærvær. Det er ikke en selvfølge.

Måtte du kjenne Guds nærvær når livet er tungt, som ro midt i kaoset, som styrke når du er sliten. Måtte du oppleve å få akkurat det du trenger for neste steg. Måtte du huske at du ikke er alene, selv når det føles sånn. Måtte Gud tenne et lite lys i deg igjen, når håpet er svakt. Måtte du føle deg sett, elsket og holdt fast.

**For Han er i alt.**

**Amen**



# Dåpsbarn i Undheim kyrkje



Tiril Vaka Taraldsvik  
døpt 10.05.26



Tale Lode Skårland  
døpt 10.05.26



Sverre Høyland Danielsen  
døpt 07.06.26



Henrik Gya Folkvord  
døpt 07.06.26



Alfred Høyland Danielsen  
døpt 07.06.26



# Weekend på Vaulali

## 25-27 September

### Omsider vert det weekend igjen!

Heile kyrkjelyden er velkommen til ei helg på vakre Vaulali i haust. Vaulali er kjent for god mat og fine uteområde kor det ligg til rette for mykje kjekk aktivitet.

Det vert møter for både ungar og vaksne kvar dag, og gudsteneste søndag, og god tid til drøs og godt fellesskap.

Overnatting og mat:

Vaksen 1980,-

Ungdom (8.klasse og opp) 1180,-

Born: (4år-7.klasse) 980,-

Born under 4: gratis

**Makspris pr familie: 5000,-**

**PÅMELDING HER,  
Frist: 10. september:**



Spørsmål sendes til  
[hl366@kirken.no](mailto:hl366@kirken.no)

# Kva skjer i kyrkja?

## **Gudstenester, kl. 10.30**

**12.07** Gudsteneste

**16.08** Gudsteneste

**13.09** Gudsteneste med  
hausttakkefest

**27.09** Gudsteneste

**11.10** Gudsteneste

## **Undheim bønhus,**

kl. 10.00 og kl. 19.00

24.08

07.09

21.09

05.10

## **Laust og fast, kl. 14.00**

16.09

## **Kveldsmøte, kl. 19.30**

06.09

04.10

## **Open kjeller kl 19.00**

21.08

04.09

25.09

30.10

## **UKUF, kl. 19.00**

15.08

29.08

12.09

26.09

10.10

## **Påfyll, kl. 14.45**

20.08

03.09

17.09

01.10

## **UGLA, kl. 19.00**

01.09

15.09

29.09

## **Supermix, kl. 17.00**

08.09

22.09

06.10

## **Babysong, kl. 10.30**

09.09

23.09

## **Pizzakveld, kl. 16.30**

11.09

16.10

## **Krøllekveld kl. 17.00**

10.09

**Velkommen i kyrkja!**

# Kyrkjeleg undervisning og læring

## Babysong 0-1 år

Til hausten startar me opp babysong att med annankvar onsdag på Undheim, og annankvar torsdag på Bryne og Lye. Dersom de lurar på noko om babysong er det berre å ta kontakt. Det går an å bli med på babysong heile året, ein må ikkje starta opp ved starten på eit semester.



Meld dykk gjerne inn, så får de info når me startar opp til hausten.

## Småbarnstrall

Småbarnstrall er eit song og musikk tilbod for barn frå 1 år og oppover. Då møtest me store og små i Time kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa litt større born. Det blir song, leik og moro. Småbarnstrall er felles for alle sokn. Etter songsamlinga et me kveldsmat i lag.



Meld dykk gjerne inn, så får de info når me startar opp til hausten.

## Kor-kickoff

Bryne kyrkje 3. september kl. 17.30.

Me startar korået med eit kjempekjekt Kick-off i Bryne kyrkje, felles for alle sokn. Her kan alle barn som er med i kor eller lurar på om dei vil vera med i kor komma og sjå. Me får besøk av Jarle Waldemar. 5-åringane får invitasjon til dette arrangementet, men alle barn i alderen ca 4 år til og med 4. klasse er velkomne! Ta med heile familien og kom! Følg med på heimesider, instagram og facebook så de får meldt dykk på.



## Krøllekveld

10. september arrangerer me «Krøllekveld» for treåringane i Undheim kyrkje. Då er me samla ein liten time i kyrkja, der me har ei kjekk samling med song og forteljing. Me høyrer om sauene som forsvann og om den gode hyrde som leitar etter sauene sine, og borna får sjølv lov til å vere hyrdar som er på leit etter sauene. Alle får med seg heim ei bok som heiter «Kvar er Krølle?». Me oppmodar særleg fadrar til å vere med på denne samlinga. Velkommen til ei koseleg stund i kyrkja!




## Hausttakkefest for 2-åringar

Søndag 13. september vert 2-åringane på Undheim inviterte til hausttakkefest. Der får dei utdelt kvar sin pose med songkort.

## Tweens-kickoff

Me samlar tweens frå alle sokn til kickoff i Bryne kyrkje 27. august kl. 17.30.

Helsing frå kyrkjelydspedagogane  
Ragnhild Hanssen og Tone Vold





# Barnas

## Finn 5 feil

Desse to bilde er nesten heilt like. Greier du å finne 5 feil på bildet under?



Teikning: Aleksei Bitskof



## Ordsøk

I rutenettet gøymmer det seg 10 land. Leit bortover og nedover. Greier du å finne alle?


|   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| S | V | D | E | Y | L | F | B | Z | E |
| V | Z | A | V | K | F | R | E | P | T |
| E | N | N | X | C | I | A | L | K | Y |
| I | D | M | L | N | N | N | G | I | S |
| T | Z | A | K | O | L | K | I | T | K |
| S | I | R | L | R | A | R | A | A | L |
| V | N | K | U | G | N | I | K | L | A |
| Q | L | D | T | E | D | K | C | I | N |
| S | V | E | R | I | G | E | P | A | D |
| Y | P | S | E | N | G | L | A | N | D |

## Labyrint

Filip fortalde om Jesus til mange som han møtte. Ein av dei han møtte var ein etiopisk hoffmann. Hjelp Filip med å finne vegen.



Teikningar:  
Chiara Bertelli



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Vitsar:

- Hunden min har ingen nase.
- Korleis luktar han, då?
- Forferdeleg.

Kva for ein hage skal ikkje vatnast? Barnehagen!



Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

|                                                                                                                                                                            |                                                                                                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                                                           |                                             | <p>Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse?<br/>Send e-post til:<br/>undheim.soknerad@timekyrkja.no</p>                                                                                                                                                                            |
| <p><b>Johs. Egeland &amp; Sønner as</b><br/>Transportforretning<br/>4342 Undheim</p>                                                                                       |                                             | <p><b>Høiland &amp; Tveit</b><br/>BetongEntreprenør</p>                                                                                                                                                                                                                                       |
| <p><b>Elektrofag Jæren</b><br/>En god kontakt på Jæren<br/>Tlf. 51 79 11 70<br/>e-post: post@elektrofag.no</p>                                                             |                                             |  <p>Møllervegen 12, 4360 Varhaug<br/>tlf.: 51798579 www.ahbygg.no</p>                                                                                                                                      |
| <p><b>Sjekk Punk</b><br/>BILVERKSTED<br/>Lye Bil AS<br/>Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no</p>                                                                                 |                                            |                                                                                                                                                                                                           |
|  <p>Preben Undheim<br/>mobil: 901 74 629<br/>preben@pundheim.no<br/>www.pundheim.no</p> |                                           | <p><b>UNDHEIM HANDELSLAG</b></p>   <p>undheim@coop.no - Tlf. 51 77 96 60<br/>Landbruksavdeling tlf. 51 77 96 70</p> |
|                                                                                         |  <p>Byggmester<br/>Ståle N. Sikveland</p> | <p><b>NOVA</b><br/>BEGRAVELSESBYRÅ</p>                                                                                                                                                                                                                                                        |
|  <p>når resultatet er viktig</p>                                                        |                                           |   <p>www.traktoroglandbruk.no</p>                                                                                   |
| <p><b>TOM REE MASKIN</b></p> <p><b>ALT I GRAVING</b><br/>• Bolig • Landbruk • Næring<br/>☎ 908 37 049</p>                                                                  |  <p>Tlf. 924 51 777</p>                   |  <p><b>BondeKompaniet</b><br/>Bryne, tlf. 480 10 878, man-fre 08-18, lør 09-15<br/>Klikk og hent bondekompaniet.no</p>                                                                                   |